



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Monica Thomassen Waage, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Stine Waage og Hilde Koppen.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 19/25 – 21/25

F 19/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 19.08.25
Vedlegg	Møteboka frå 19.08.25 Innkallinga til møtet 21.10.25
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 20/25	ORIENTERINGAR
	- Fotobok med prosessen bak bygging av kyrkjeskipet som heng i kyrkja er kjøpt inn og ligg til gjennomlesing i våpenhuset ved sida av gjesteprotokollen. - Lars Svendsen er i gong med utbetringar på galleriet og i tårnet. Avtalt i møte: Soknerådet ønskjer å få tilsendt referat frå samarbeidsmøta AU har med Fedje kommune.

F 21/25	PRIORITERINGSLISTE VED BRANN
Vedlegg: Prioriteringsliste	<u>Bakgrunn:</u>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	AU kjem med forslag til prioriteringsliste ved brann. Det er fleire ting som må inn på lista, men dette starten. Soknerådet går gjennom lista og ser gjennom kyrkja før me vedtar lista. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Prioriteringsliste ved brann vert godkjent slik den ligg føre. Den skal jamleg vurderast og eventuelt endrast. Ein gong i året vert den vurdert.</i>
Vedtak:	Prioriteringsliste ved brann vert godkjent slik den ligg føre. Den skal jamleg vurderast og eventuelt endrast. Ein gong i året vert den vurdert.

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Monica Thomassen Waage, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Stine Waage og Hilde Koppen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 21/2025 – S 24/2025

S 21/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 19.08.25
Vedlegg:	Møteboka frå 19.08.25 Innkallinga til møtet 21.10.25
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 22/25	TRUSOPPLÆRINGSTILTAK
	Amelie K. Storebø er tilsett som trusopplærar. Ho vil presentere forskjellige tiltak ho har lyst å arbeide med. Her må soknerådet kome med innspel på kva tiltak som skal prioriterast først, og eventuelt kome med innspel til andre tiltak som kan gjennomførast.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<i>Forslag til vedtak: Soknerådet ynskjer å følge planen til Amelie K. Storebø og prioriterer følgande trusopplæringstiltak:</i>
Vedtak:	Soknerådet ynskjer å følge planen til Amelie K. Storebø og prioriterer følgande trusopplæringstiltak: • Kyrkjegym i aldersgruppe 1-4 år Amelie ynskjer å utarbeide ein leikekrok, i tillegg til teiknebordet som er bak i kyrkja. Amelie vil og opprette kontakt med leiar i Fedje Indremisjon, Kjell Samnøy, for mogleg samarbeide rundt trusopplæringstiltak.

S 23/25	ORIENTERINGAR:
	Det vert arbeida med liturgihefte til bruk i gudstenester. Då er det til bruk saman med salmebøker. Organist Lyder Minde Janøy er med og fortel om tanken bak ein variasjon mellom skjerm og salmebøker. AU har bestemt at 21. juni 2026 vert det gudsteneste på sjukeheimen. Det er tenkt som utegudsteneste på terrassen. Ved dårleg ver trekk ein inn i fellesstova.

S 24/25	HALVÅRLEGE ARRANGEMENT
Vedlegg: Plan for halvårlege arrangement	<u>Bakgrunn:</u> Det er blitt jobba med ein plan for halvårlege arrangement i kyrkja. Planen ligg som vedlegg. Soknerådet diskuterer innhald og vedtar planen. <u>Forslag til vedtak:</u> <i>Planen vert vedtatt slik den ligg føre.</i>
Vedtak:	Planen gir retning for det soknerådet ønskjer å jobbe med, og vert vedtatt slik den ligg føre.

S 25/25	EVENTUELT
	• Digital tavle på Matkroken: fungerer igjen, undersøker kven som administrerer den, og om kyrkja kan få mulighet til å dele informasjon via tavla. • Invitasjon til trusopplæringstiltak: hvordan best nå ut til målgrupper for arrangementene våre?



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Tilbakemelding frå soknerådet er at brev ikkje fungerer optimalt, så me går øve til dialog via SMS. • Juletefest 4/1 2026: samarbeid med Bedehuset. Skal gruppen fra i fjor fortsette, eller skal det inn en ny gruppe? AU foreslår at samme gruppe fortsetter, og håper at dei ønskjer å ta eit år til.
--	---